

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FONNA HF

STAD: Haugesund sjukehus 6.etg

MØTETIDSPUNKT: 28.04.17 kl. 09.00 – 13.30

Styremøte var ope for publikum og presse

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Kjell Arvid Svendsen	Styreleiar
Brian Bjordal	Nestleiar
Liv Kari Eskeland	Medlem
Hilde Brit Christiansen	Medlem
Solfrid Borge	Medlem
Gunnar Birkeland	Medlem
Nina Budal	Medlem
Pål Osjord Midbøe	Medlem
Helge Espelid	Medlem
Tove Martha Callaghan	Medlem

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Olav Klausen	Administrerande direktør
Stina Steingildra	Kommunikasjonsrådgiver
Ingebjørg Kismul	Administrasjonssjef
Kristian Jørgensen	Konstituert økonomidirektør

SAKLISTE

UNDERLAG

Sak	29/17	Godkjenning av innkalling og dagsorden	Vedlagt
Sak	30/17	Godkjenning av protokoll 03.04.17	Vedlagt
Sak	31/17	Administrerende direktør si orientering	Vedlagt
Sak	32/17	Rapport frå verksemda	Vedlagt
Sak	33/17	Langtidsbudsjett 2018 – 2022 med investeringsbudsjett	Vedlagt
Sak	34/17	Risikorapportering 1.tertial 2017	Vedlagt

Saker til orientering

Sak	35/17	Årsrapport 2016 Tilsetteskader og HMS-hendingar	Vedlagt
Sak	36/17	Årsrapport 2016 Avvikshandtering pasientrelaterte Hendingar	Vedlagt
Sak	37/17	Årsmeldingar 2016 frå pasient og brukaromboda i Hordaland og Rogaland	Vedlagt
Sak	38/17	Revidert tenesteavtale 4. «Avtale om kommunen sitt øyeblikkeleg hjelp døgntilbod»	Vedlagt
Sak	39/17	Evaluering av endringar ved Folgefonn DPS	Vedlagt
Sak	40/17	Eventuelt Skriv og meldingar	Vedlagt

Lukka sak

Lov om helseføretak § 26a 2.ledd punkt 2

Sak	41/17	Enterprise – utlysing av oppdrag for byggegrop	
-----	-------	--	--

Sak 29/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Vedtak [samrøystes]

Innkalling og dagsorden ble godkjent

Sak 30/17 Godkjenning av protokoll frå styremøte 03.04.17

Vedtak [samrøystes]

Styret godkjente og signerte protokoll frå styremøte 03.04.17

Sak 31/17 Administrerande direktør si orientering

OPE DEL

1. Rapportering tilsynssaker

Administrerande direktør viste til vedlagt notat

2. Oversikt over aktuelle høyringar

Administrerande direktør viste til vedlagt notat

3. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Administrerande direktør viste til vedlagt notat

4. Årsmelding Kvalitetsutvalet, Helse Fonna 2016

Administrerande direktør viste til vedlagt årsmelding

5. Årleg melding 2016 arbeidsmiljøutvalet Helse Fonna

Administrerande direktør viste til vedlagt årsmelding

6. Årleg melding brukarutvalet Helse Fonna 2016

Leiar brukarutvalet i Helse Fonna, Laila Stensletten, var tilstade og fekk muligheit til å kommentere rapporten.

7. Oppfølging HMS rapport eining for patologi

Administrerande direktør orienterte kort om tiltak i eining for patologi som er satt i verk.

8. Samhandling

Film om bruk av KAD senger(kommunale akutte døgnplasser) i Haugesundsområdet blei vist i møtet.

Lukka del

9. Erverv av eigedom

Lukka etter Helseføretakslova § 26a, andre ledd, punkt 2

Administrerande direktør orienterte om status for kjøp av hus på tomt for utbygging av Haugesund sjukehus.

Vedtak [samrøystes]

Styret gir administrerande direktør fullmakt til å vidareføre saken utifrå dei signal som blei gitt i styremøtet.

10. Avtalar med private

Lukka etter Helseføretakslova § 26a, andre ledd, punkt 2

Administrerande direktør orienterte om status inngåtte og oppsagte avtalar med HSR

Vedtak [samrøystes]

Styret tek meldingane til orientering

Sak 32/17 Rapport frå verksemda

Oppsummering

Administrerande direktør informerte om tiltak som er satt i verk for å redusere fristbrota på Stord sjukehus. Det ble informert om samanslåing av ventelister innan medisinsk klinikk mellom Haugesund og Stord sjukehus frå 03.06.17. Styret har tro på tiltaket og forventar synlige resultat.

Resultatet for perioden syner eit overskot på 4,3 millionar kroner etter korreksjon for pensjonskostnader utover føresetnadane i budsjettet, mot eit budsjettert overskot på 3,3 millionar kroner Dette gir eit positivt budsjettavvik på 0,9 millionar kroner.

Inntektene totalt denne månaden viser eit positivt avvik på 3,9millionar kroner.

Personalkostnadane inkludert inn leige av personell frå byrå viser denne månaden eit negativt avvik på 2,2 millionar kroner.

Rekneskapen for månaden syner at kostnadane til kjøp av varer og tenester gir eit samla budsjettmessig positivt avvik på 0,4 millionar kroner.

Andre driftskostnadar viser denne månaden samla sett eit positivt avvik på 0,7 millionar kroner.

Helse Fonna HF har fått tildelt 10,3 millionar i sysselsetjingsmidlar i 2017 som skal nyttast til vedlikehaldstiltak.

Likviditetsoversikten ved utgangen av månaden viser ein disponibel likviditet på 463,3 millionar kroner, noko som er 2,1 millionar kroner lågare enn førre månad.

Aktivitet og kvalitet

Gjennomsnittleg ventetid for alle behandla pasientar var 55 dagar. Innan somatikken var ventetida for behandla pasientar 56 dagar (styringskrav <60), innan BUP-feltet 49 dagar (styringskrav <35), innan psykisk helsevern for vaksne 35 dagar (styringskrav <40) og innan rusfeltet 25 dagar (styringskrav <35).

25 pasientar hadde venta meir enn eitt halvt år.

132 pasientar blei behandla etter fristen gjekk ut i februar. 57 pasientar på ventelistene har ikkje fått time innan fristen som er sett. Årsaker og tiltak er vist i rapporten.

Fristbrota for ventande innan ortopedi på Stord er meir enn halvert.

Fire av fem av fem epikriser blei sendt innan fristen på sju dagar.

I mars måned låg 64 pasientar innlagd på sjukehusa i føretaket etter at dei var melde utskrivingsklare til kommunane. Pasientane låg til saman 277 døgn i påvente av nødvendig hjepetiltak frå kommunen.

3,2 prosent av sengedøgna (247 av 7817) i somatikken var i snitt på korridor i månaden.

Sjuefråværet har gått ned og var i mars på var 6,6 prosent

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF tar rapport frå verksemda til etterretning.

Sak 33/17 Langtidsbudsjett 2018 – 2022 med investeringsbudsjett

Oppsummering

Administrerende direktør gjorde greie for prosessen med involvering av tillitsvalde, drøfting og behandling i AMU møte. Protokolltilførsler blei referert. Konstituert økonomidirektør Kristian Jørgensen la fram langtidsbudsjettet.

Styret i Helse Vest handsama i møte den 20.06.16 sak 075/16 Langtidsbudsjett 2017-2021. Det blei i denne saka fatta vedtak om ny rullering av langtidsbudsjett våren 2017 med sikte på å behandle langtidsbudsjettet for føretaksgruppa før sommaren 2017.

Helse Vest legg følgjande føringar til grunn for handsaminga av langtidsbudsjettet:

- Helseføretaka rullerar langtidsbudsjettet i perioden januar til mai
- Helse Fonna sitt langtidsbudsjett styrebehandlast 28.04.17
- Utkast til styresak skal sendast til Helse Vest for gjennomgang og kvalitetssikring av føresetnader og føringar, før denne blir sendt til dei respektive styra
- Langtidsbudsjett for føretaksgruppa blir samanstilt i slutten av mai
- Behandling av langtidsbudsjett for føretaksgruppa i Helse Vest styret den 21.06.17

For å sikre lik tilnærming til langtidsbudsjett ber Helse Vest om at helseføretaka nyttar felles mal for talgrunnlaget og styresak både overfor eige styre og ved rapporteringa til Helse Vest. I budsjettprosessen har føretaket lagt vekt på involvering og forankring i organisasjonen, både av dei med resultatansvar og av tillitsvalde/vernetenesta. Prosessen er gjennomført med fleire behandlingar i klinikkane for å sikre god og bred forankring av dei prioriteringane som er gjort. Helse Vest RHF har hatt langtidsbudsjett 2018-2022 med investeringsbudsjett for Helse Fonna HF til gjennomgang.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF vedtok langtidsbudsjett 2018-2022 med investeringsbudsjett

Sak 34/17 Risikorapportering 1.tertial 2017

Oppsummering

Administrerende direktør presenterte saka og viste til at raude risikoelement frå 2016 er vidareført i 2017.

Føretaksgruppa i Helse Vest har, etter pålegg i oppdragsdokument og styringsdokument, sidan 2009 gjennomført regelmessig, systematisk overordna risikostyring.

Styret i Helse Vest RHF vedtok i styremøte den 7. desember 2016 følgjande felles mål med delmål for risikostyring i 2017 (styresak 132/16):

1. Talet på skadar som kan unngåast i helsetenesta i Helse Vest skal halverast innan 2018
2. Uønskt variasjon og ventetider for diagnostikk og klinisk praksis skal reduserast

3. HMS er ein sjølvstøtt del av arbeidsdagen
4. Det er høgare vekst i kvart einskild føretak innanfor psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling enn for somatikk.

Helse Fonna har i tillegg til dei felles måla i Helse Vest vald følgjande tilleggsmål:

5. Sikre god kvalitet og rett ressursbruk i alle ledd av pasientbehandlinga
6. Helse Fonna skal halde budsjettet for 2016

For første tertial er 3 av 25 risikoelement i grøn sone, 19 risikoelement i gul sone og 3 risikoelement i raud sone.

Tre risikoelement er raude. To gjeld den gylne regel, at veksten i kostnader og årsverk ikkje er høgare innan psykisk helsevern og TSB enn innafor somatikken.

Eitt av risikoelementa i raud sone gjeld pasienttryggleiksprogrammet (at pasientar ikkje får samstemming av si legemiddelliste ved inn og utskriving).

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna tar risikorapportering 1. tertial til etterretning

Sak 35/17 Årsrapport 2016 Tilsetteskader og HMS-hendingar

Oppsummering

Av melde uønskte hendingar i 2016 utgjer HMS-hendingar/ansattskader 11%, - 14 % i 2015. Gjennom avvikssystemet Synergi kan vi sjå at det er ein auke i tal melde hendingar tilsetteskader/HMS-hendingar i perioden 2013 – 2016.

Hendingstypene har to hovudkategoriar:

- Ansattskade – er skader på tilsette med eller utan konsekvens
- HMS-hending - er hendingar som er knytt til HMS-området

Rask sakshandsaming og rask og god tilbakemelding til meldar er av stor betydning for om den enkelte finn det meiningsfylt å sende inn meldingar i Synergi. Oppfølging av framdrift i saksbehandlinga vil difor kunne bidra til betre meldekultur.

Det er eit mål at saker vert handsama fortløpande. Ein ser i enkelte høve at saker vert liggande for lenge før ein gjer sakshandsaming. Av sakene som ikkje er saksbehandla/ avslutta, er det nokre einingar som går igjen. Usikkerheit i korleis ein skal gjennomføre sjølve saksbehandlinga, kan fort forlenge behandlingstida. Opplæring i verktøyet er for desse eit vesentleg tiltak.

Talet på meldingar har auka monaleg frå 2013 - 2016, men føretaket har framleis potensiale for å byggje betre meldekultur og at avvikssystemet vert nytta optimalt.

I den overordna risikostyringa for 2017 styringsmålet (3): «HMS er ein sjølvsgt del av arbeidsdagen» har føretaket definert risikoelement som vert følgd opp med tiltak i klinikkar/einingar. Dette vert jamleg rapportert på.

Introduksjonsprogram/opplæring av ny leiarar, der også HMS-arbeid inngår, er implementert i føretaket.

Frå 2016 er det etablert eiga målretta HMS-opplæring for leiarar.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF tar saka til orientering

Sak 36/17 Årsrapport 2016 Avvikshandtering pasientrelaterte hendingar

Oppsummering

Uønskte hendingar og avvik i Helse Fonna blir rapportert i systemet Synergi. I 2016 blei det registrert totalt 1300 pasientrelaterte saker, samanlikna med 1152 saker i 2015.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF tek saka til orientering

Sak 37/17 Årsmeldingar 2016 frå pasient og brukaromboda i Hordaland g Rogaland

Oppsummering

Pasientombod i Rogaland , Gro Snortheimsmoen Bergfjord, presenterte årsrapport frå pasient og brukarombodet i Hordaland og Rogaland.

Vedtak [samrøystes]

Styret tar årsmeldingane frå pasient og brukaromboda i Hordaland og Rogaland 2016 til orientering.

Sak 38/17 Revidert tenesteavtale 4. «Avtale om kommunen sitt øyeblikkeleg hjelp døgntilbod»

Oppsummering

Saka gjeld revisjon av tenesteavtale 4., «*Avtale om kommunen sitt tilbod om døgnopphald for øyeblikkeleg hjelp*» som er inngått mellom kommunane og helseføretaket.

Kommunar og regionale helseføretak pliktar å inngå samarbeidsavtalar som skal sikre at pasientar og brukarar får eit heilskapleg tilbod om helse- og omsorgstenester jf. helse- og omsorgstenestelova § 6-1 og spesialisthelsetenestelova § 2-1 e. Helse Vest RHF har gjort vedtak om å delegerere til helseføretaka å inngå avtalar og vere part i desse. Helse Fonna HF har inngått Overordna samarbeidsavtale og 12. tenesteavtalar med kvar av kommunane i opptaksområdet. 11 av tenesteavtalane blei reviderte i 2016, styresak 81/12. Når det gjeld tenesteavtale nr. 4, «*Avtale om kommunen sitt tilbod om døgnopphald for øyeblikkeleg hjelp*», blei revisjonen handsama i eigen prosess. Dette grunna endring i føringar og krav til innhaldet i det kommunale tilbodet, jf. revidert vegleingsmateriell, 04/2016 frå Helsedirektoratet.

Kommunane har eit lovpålagd ansvar for å yta øyeblikkeleg hjelp til personar som oppheld seg i kommunen. Frå 1. januar 2016 blei denne plikta utvida til å gjelde tilbod om døgnopphald for pasientar med somatisk sjukdom som har trong for øyeblikkeleg hjelp. Plikta går fram av Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-5, 3. ledd:

Vedtak [samrøystes]

Styret tar saka til orientering

Sak 39/17 Evaluering av endringar ved Folgefonn DPS

Oppsummering

Administrerande direktør orienterte.

Føringar i Plan for psykisk helsevern 2012-2020 la opp til ei evaluering av døgntilbodet ved Folgefonn DPS (FDPS). Hausten 2014 vart det gjennomført ei evaluering av behandlingstilbodet ved Folgefonn DPS sin 5-døgns post i Odda.

Arbeidsgruppa konkluderte med at kapasiteten innanfor døgnbehandling var større ved FDPS enn ved andre DPS i føretaket og at det var behov for å utvikle dei polikliniske og ambulante tenestene, spesielt i Indre Hardanger.

Evalueringsrapporten blei lagt fram for styret i Helse Fonna sak 63/15 O.

Evalueringsrapporten blei sendt ut på høyring til alle kommunar i Helse Fonna HF samt brukarutvalet i Helse Fonna 25.09.15 med frist 27.11.15. Styret vedtok 21.12.15 i sak 88/15 A:

- 1. Styret i Helse Fonna HF tek tilrådingane i evalueringsrapport Folgefonn DPS til etterretning*
- 2. Styret i Helse Fonna HF ber administrerande direktør tilpasse døgntilbodet og det polikliniske og ambulante tilbodet i Folgefonn DPS sitt opptaksområde til befolkninga sitt behov i tråd med tilrådingane i saka.*
- 3. Styret i Helse Fonna HF ber administrerande direktør setje desse i verk i dialog og samarbeid med medarbeidarar, tillitsvalde og vernetenesta på ein slik måte at arbeidsmiljø og krav til kvalitet blir ivaretatt.*
- 4. Styret i Helse Fonna HF ber om å bli informert om framdrifta i saka.*

Endringsprosessen vart gjennomført i perioden 15.01.15 – 01.04.16 i tråd med Helse Fonna sine vedtekne rutinar for endringsprosessar.

Evaluering vart gjennomført i mars 2017. Evalueringa tok utgangspunkt i målsetjingane for endringsprosessen samt hadde fokus på vidare utvikling av tenestene. I eige møte same dag vart det gjennomført evalueringsmøte med medarbeidare, tillitsvalgte, verneteneste samt leiing. I evalueringsmøte med medarbeidare hadde ein i tillegg fokus på arbeidsmiljø.

Endringane viser at målsetjing for endringsprosessen, styrkje det polikliniske og ambulante behandlingstilbodet samt sikre ein meir lik ressursbruk mellom DPS-a i Helse Fonna HF, er nådd.

I evalueringsmøte med medarbeidarar, verneteneste og tillitsvalde var hovudfokus i forhold til arbeidsmiljø og korleis den einskilde medarbeidar vart ivareteken i endringsprosessen og etterpå. Vidare hadde ein fokus på vidare utvikling av tenestetilbodet.

Målsetjing for endringsprosess i form av å styrkje behandlingstilbodet innan psykisk helsevern og TSB i Indre-Hardanger gjennom å byggje opp det polikliniske og ambulante behandlingstilbodet i forhold til befolkninga sitt behov og sikre ein meir lik ressursbruk mellom DPS-a i Helse Fonna HF er nådd. Oppfølging av medarbeidarar i endringsprosessen har ikkje vore god nok med omsyn til informasjon, opplæring og tildeling av nye arbeidsoppgåver.

Administrerande direktør tilrår at kompetanseutvikling og rekruttering i psykisk helsevern i indre Hardanger får eit sterkt fokus og vil avklare bygningsmessige tilhøve.

Administrerande direktør tilrår at det blir etablert LAR behandling og utlevering samt utvikling av gruppetilbod i regi av spesialisthelsetenesta i indre Hardanger, for å leggje til rette for gode tenester for befolkninga og sikre eit berekraftig fagmiljø.

Vedtak [samrøystes]

1. Styret i Helse Fonna HF tar saka til orientering
2. Styret i Helse Fonna HF ber administrerande direktør følgje opp tilrådingane i saka

Sak 40/17 Eventuelt

Administrerende direktør orienterte om saksgang i behandlingen av «Rapport Odda sjukehus»

Etter vedtak i føretaksmøte for Helse Vest RHF 24.04.17 er det fremma to dokument 8 forslag til stortinget. Disse forslaga skal behandlas i stortinget 15.05.17

Skriv og meldingar

1. Årsplan for styret i Helse Fonna 2017
2. Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 02.02.17
3. Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 20.02.17
4. Mail frå Anita Bang
5. Fråsegn til høyring av rapport frå prosjektet for Odda sjukehus i lys av føringane i Nasjonal helse og sjukehusplan. Frå Hordaland fylkeskommune
6. Sertifikat, grønt sjukehus
7. Årsrapport 2016 Meldeordningen for uønskede hendelser i spesialisthelsetjenesten

Skriv og meldingar blei tatt til orientering.

Lukka, Helseføretakslova § 26a, 2.ledd punkt 2

Sak 41/17 Enterprise utlysning av oppdrag for byggegrop

Oppsummering

Administrerende direktør orienterte om status i prosessen.

Laila Nemeth presenterte skisse til enterprise. Styret diskuterte utkastet og ga innspel til den vidare prosessen.

Vedtak [samrøystes]

1. Styret i Helse Fonna HF gjer si tilslutning til framlagte tilbudsgrunnlag for grunnarbeid og byggegrop med dei innspel som kom fram i styremøtet.
2. Styret i Helse Fonna HF ber administrerende direktør lyse ut tilbudsinvitasjon etter at styret i Helse Vest RHF har godkjent vidareføring av prosjektet
3. Styret i Helse Fonna HF ber administrerende direktør ta atterhald om finansiering i statsbudsjettet for 2018 i utlysning av tilbudsinvitasjon

Ref. Ingebjørg Kismul
28.04.17

Kjell Arvid Svendsen	Styreleiar
----------------------	------------

Brian Bjordal	Nestleiar
---------------	-----------

Liv Kari Eskeland	Medlem
-------------------	--------

Hilde Brit Christiansen	Medlem
-------------------------	--------

Gunnar Birkeland	Medlem
------------------	--------

Solfrid Borge	Medlem
---------------	--------

Nina Budal	Medlem
------------	--------

Pål Osjord Midbøe	Medlem
-------------------	--------

Tove Martha Callaghan	Medlem
-----------------------	--------

Helge Espelid	Medlem
---------------	--------